

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kvinnherad

Emne: Lynging

Bygdelag: Omikdelen

Oppskr. av: Arne Skuland.

Gard: Skuland, Landa og Bakka.

(adresse): Rommetveit

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Eigi røynsle*B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
*alder 77 år.*

## SVAR

- I a.
1. Lynging er avlagd sidan kring 1890. Noko brigde i lyngingi den tid ho var i bruk er ukjent.
  2. Nei. Kann vera naudfør i vår. Ikkje lynging under siste verdskrigen. - Lyngingi slutta kring 1890. Ein sankte lyngen som naudfør i „vårknipa“. Arbeidet heitte lynging.
  3. Ein skar lyngen med sigd, eller når lyngmarki var rein for stein og breroter kunde ein slå lyngen med vanleg stubborv-ljå, same slag ljå som ein brukar til å slå småhøy med: ~~skalt.~~
  4. Lynging var kvinnearbeid.
  5. Vistnok 3/4 kvart år.
  6. Kvinnene bar lyngen heim på „byrabog“. (byrdeaug).
  7. Vart bruka straks utan noko „lagring“.
  8. Kyr og stutar. Dei før lyngen samstundes med høyet.
  9. Lyng er ikkje halde for godt før, men er ei „brånybble“, til berging i „vårknipa“.

- B.
- II. Lyng som særskilt beite er ikkje elder hev vore i bruk. Skosing er umlag ukjent i Kvinnherad. Dei høge, sund-  
rivne fjellformer gjer, at <sup>dei</sup> den tid ein i tilfelle kunde samla mose, er uråd å samla noko på grunn av smådekke. I vanlege onnetider er folk fullt upptekne av annor innhausting. Skjegglav er ikkje nytta til før.